

Til

Meland kommune

Frekhaug 21.01.2019

Eksisterande kommunale vatn- og avlaupsleidningar over bustadeigedomen, gnr 23 bnr 168. Reparasjon av mur / oppfylling massar.

På grunn av at ein støttemur oppført på 70-talet er under utgliding på eigedomen min, må eg fjerne gråsteinsmuren og dei oppfylte massane innafør og bygge muren opp att (truleg betongmur), og tilbakeføre massane.

Dei kommunale vatn- og avlaupsleidningane ligg i dag under dei oppfylte massane. Gravearbeidet er planlagt utført slik at leidningane blir lagt i røyr, for å sikre eventuelle framtidige reparasjonar mm. Samstundes er det eit mål at seinare byggearbeid ikkje skal medføre noko problem. Høgda på muren varierer frå 0,5 til 1,3 m. I staden for å knekke muren inn mot garasjen, som i dag, blir den ført vidare langs eigedomsgrensa for å gå i null, mot jordskråning innafør.

Yngve Dale Maskin AS skal utføre arbeidet. Det er tilkomst til leidningane frå kum på begge sider av det oppfylte området. Seinare skal eg rive den falleferdige garasjen som delvis er bygd inn på det oppfylte området, og føre opp att ein carport med boder. Bygningsarealet blir noko større enn i dag. Dette skal eg søke om i byggemelding på vanleg måte.

På vedlagte kart har eg merka av muren og området som blir berørt av grunnarbeidet, og området der carporten med boder vil komme.

Dersom kommunen har merknader eller føringar for gravearbeidet, eller har planar om å sanere/rehabiliterer det gamle leidningsanlegget, vil eg gjerne få tilbakemelding om dette før anleggsarbeidet startar. Planlagt oppstart er februar/mars 2019.

På grunn av stillingen min ønskjer eg at fagetaten konfererer direkte med rådmannen og med YD Maskin AS ved eventuelle spørsmål undervegs, ikkje med meg.

Kart og skisser ligg ved. Traséane og kummane er ikkje heilt rett plassert i kartet.

Venleg helsing



Anny Bastesen
Frekhaugskogen 8
5918 Frekhaug